


Kan Nåso gå til topps?

09.04.2012



Kan Uskedalens majestetiske fjell Ulvanåso slå ut Postvegen, Ænesdalen og Folgefonna og bli Kvinnherads beste turmål 2012? Det er det store spørsmålet som skal besvarast før 18. april i den mangfoldige tevlinga som Kvinnheringen har igang.

Tidlegare er er årets eldsjel (Olav Gunnar Hjelmeland) og beste btikk (Spar Valen) kåra. I kvar kategori har avisa vald ut 4 finalistar.



Vi skal ikkje her vurdera sjansene til det fine fjellet vårt, men konstatera at det har vorte stadig meir populært som turmål og minna om at det hastar ned å røysta



Berre no i påska har vi hatt kontakt med fleire som har nådd toppane frå Uskedalsida og ikkje frå den andre sida som er den mest tradisjonelle.Å køyra ned att på Uskedalssda fristar også stadig fleire. Nåso er Uskedalens mest populære fotomotiv og bileta våre err tekne av Morten Nilsen, Kjell Yri, Kristian Bringedal og Ola Matti Mathisen,

Av Ola Matti Mathisen

